



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 20.11.2015

Vår ref.: 2014/9352

Arkivnr.: 421.3

Strand kommune,  
Hjelmeland kommune  
og Statens Vegvesen

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

Vedlegg til statleg samordna uttale

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Uttale - offentlig ettersyn av kommunedelplan RV13, rassikring Melkeråna - Årdal i Strand og Hjelmeland kommunar

**Fylkesmannen gir fagleg råd om at alternativ 4 blir valt. Dette alternativet gir sikring av den aktuelle rasutsette vegstrekninga, samstundes som det alternativet er mest skånsamt når det gjeld konsekvensar for landbruk og landskap. Vidare opnar dette alternativet for at tunnelen kan forlengast til Årdal på eit seinare tidspunkt.**

**Fylkesmannen fremjar motsegn til alternativ 2a, då dette samla sett kjem i vesentleg konflikt med viktige landskaps-, natur- og landbruksinteresser. Skulle lang tunnel la seg realisera rimeleg raskt, meiner Fylkesmannen at alternativ 2 b bør veljast.**

Vi viser til plan sendt på høyring med brev datert 06.10.2015.

Planprogrammet viser at føremålet med planen er å sikra den attståande rassutsette strekninga mellom Melkeråna og Øykjaneset. Det er i kommunedelplanarbeidet konsekvensutgreidd løysingar som i tillegg kortar inn Rv 13 mot Årdal. Vegvesenet går inn for alternativ 4 (kort løysing), sjølv om alternativ 2b (lang løysing) kjem best ut i den samla konsekvensutgreiinga. Bakgrunnen for dette er at alternativ 2b er kostbart å byggja og ikkje lar seg finansiera med rassikringsmidlar.

### Alternativ 4

Fylkesmannen er kjend med Hjelmeland kommune sitt ønske om lang tunnel. Vi har stor forståing for dette ønsket. Reisetida-/avstanden mellom Tau og Årdal blir såleis monaleg redusert, med dei positive følgjer det får for alle som ferdast på denne delen av Rv13. Fylkesmannen støttar likevel Vegvesenet si vurdering og gir **fagleg råd** om at alternativ 4 blir valt. Dette alternativet gir sikring av den aktuelle rasutsette vegstrekninga, samstundes som det alternativet er mest skånsamt når det gjeld konsekvensar for landbruk og landskap. Vidare opnar dette alternativet for at tunnelen kan forlengast til Årdal på eit seinare tidspunkt.

## **Alternativ 2**

Sjølv om alternativ 2b vil medføra inngrep i utkanten av ein viktig naturtype (edellauvskog), skil alternativ 2a seg etter vårt syn seg ut med dei klaraste negative samla konsekvensane for landskap, natur og landbruk. Dette alternativet vil skjera tvers gjennom eit samanhengande viktig jordbruksområde og fragmentera dette på ein uheldig måte. Det vil vidare medføra stor uheldig landskapsverknad. Dessutan vil alternativ 2a kryssa Storåna nær utløpet av elva, der det finst ein viktig naturtype (brakkvannsdelta). Fylkesmannen fremjar derfor **motsegn** til alternativ 2a.

Alternativa 2b og 2c ligg lenger inne på Svadberg og fylgjer i stor grad eksisterande veg. Desse alternativa har dermed ein mindre fragmenterende effekt for landbruk og landskap. Når 2b i tillegg unngår vesentlege konflikhtar med kulturminne-/miljø, står dette etter vårt syn fram som det beste lange alternativet, sjølv om det er noko dyrare.

## **Alternativ 3**

Det er ikkje gjennomført ei fullstendig konsekvensutgreiing for dette alternativet. Etter innspel frå Fylkesmannen ved høyringa av planprogrammet, er det likevel laga eit notat som gir ei nærare vurdering av trafikale konsekvensar, landbruk, kulturminne og naturmiljø. Notatet konkluderer med at alternativ 3, sett opp mot 2b, er betre på ikkje-prisette konsekvensar. Lenger kjøredistanse og mindre trafiksikker veg for størstedelen av trafikantane, trekkjer likevel betydeleg ned. Alternativ 2b blir derfor vurdert som klart best på prisette konsekvensar og best samla sett. Fylkesmannen tek notatet til etterretning.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa  
fylkesmann

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Knut Harald Dobbe  
Saksbehandlar telefon: 51568961  
E-post: fmrokhd@fylkesmannen.no